



## MØTEREFERAT

<b>Referat frå:</b>	Styringsgruppa – Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	<b>Møtedato:</b>	24.06.2014	<b>Tid:</b>	13.30 – 14.30
<b>Møteleiar:</b>	Tom-Christer Nilsen	<b>Møtestad:</b>	Hotel Clarion Admiral	<b>Arkivsak:</b>	
<b>Referent:</b>	Snorre Waage	<b>Ref.dato:</b>	27.06.2014	<b>Arkivnr.:</b>	
<b>Deltakarar:</b>	Tom-Christer Nilsen, Astrid F. Selsvold, Mona Røsvik Strømme, Pål Kårbø, Siv Høgtun, Eli Berland, Kari-Anne Landro, Eirik Haga, Sveinung Valle, Marit Rødseth, Beate Bergsholm Lindgård, Hans-Christian Engum, Snorre Waage, Øyvind Sundfjord				
<b>Fråvær:</b>	Terje Søviknes, Tom Sverre Tomren, Benthe Bondhus, Aud Karin Oen, Filip Rygg, Astrid Aarhus, Byrknes, Nils Marton Aadland, Kari Fosseid Aakre, Jon Askeland, Otto Harkestad, Gustav Bahus, Anne-Beth Njerheim, Mona Haugland Hellesnes, Marit Aase				
<b>Kopi til:</b>					

### Referat frå møte i styringsgruppa – Regional plan for Bergensområdet 24.06.2014

#### 1/14 Aktuelle verkemiddel for gjennomføring av plan – Hans-Christian Engum, HFK

Hans-Christian Engum presenterte aktuelle verkemiddel for planen, med hovudfokus på arealkart. Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

*Innspel / avklaringar:*

- Styringsruppa stiller seg bak metoden som leggas til grunn for utarbeiding av arealkarta. Hovudkartet vil utarbeidas etter ABC-prinsippet, og innehalde soneinndeling (ABC), hovudtransportsystem og senterstruktur. Dette er dei generelle strukturane som er overlappende i alle plantema i areal- og transportplanen for Bergensområdet. Det vil i tillegg bli laga temakart, som fokuserer mellom anna på grønstruktur, bustad- og næringsareal, kollektivrutenett, sykkelvegnett, m.m.

#### 2/14 Sentralitetskart for bil, kollektiv og sykkel som grunnlag for planarbeidet – metodikk og presentasjonsform v/ Øyvind Sundfjord (Asplan Viak)

Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

*Innspel / avklaringar:*

- Det ble nemnt at dersom ein viser ABC-kart for *bil* samanlikna med *sykkel*, bør ein vurdere å nytte same parameter (tidsintervall). Eit ønske vart derfor at ein aukar tidsintervallet på sykkel til minimum 30 min. (same som på bil). Dersom ein aukar tidsintervallet på sykkel, vil dei lokale nyansane i sykkeltilbodet forsvinne.

- Konsulent blei bedt om å undersøke om det finnes noen områder der det bur 30.000 menneske innen 20 min med sykkel, og som samstundes har 20.000 busatte innen 30 min med kollektiv? Innspelet blei tatt til etterretning og vil undersøkast.
- Overordna fylkesvegnett vil bli tatt med som eit kriterium i ABC kartlegginga.
- Det er viktig at val av tittel på ABC-kategoriane er grundig gjennomtenkte, og ikkje konfliktskapande.
- ABC-tilnærminga tek utgangspunkt i den faktiske tilgjengelegheita /lokaliseringa av areal – har ikkje sett på kva som allereie ligger i areala. ABC-kart kan nyttast i analysar i dei andre tema, mellom anna for å sjå eksisterande næringsareal i høve til tilgjengelegheitsprofil.
- Analysane er gjort basert på eksisterande infrastruktur. Det er viktig å skilje mellom kva som er analyse og kva som skal inngå i planen. Analysane er i stor grad ein skildring av dagens status, mens planen skal seie noko om ei ønska utvikling.

### **3/14 Eventuelt**

Ingen saker.